

## Kubjøller

*Arbeidet med utstillinga "Kubjøller" ga oss innblikk i ein handverkstradisjon som ein neppe tenker over, og som no har gått i gløymeboka. Dette emnet hadde meir innhald enn me først trudde, og me fann informanter som hadde høyrd, visste og kunne fortelje. Utstillinga vart presentert ved Museumssentret Ramsmoen sommaren 2005. Utgangspunktet var ei lita samling bjøller som var laga på Dalstrøen på Fåset. På denne garden har det vore bjøllsmeder i to generasjoner, i eit periode på bortimot 100 år. Herifrå er det spreidd bjøller til mange av bygdene i Østerdalen.*



*Ei samling kubjøller, alle smidd på Dalstrøen, Fåset*

### *Bjøllesmeder i to generasjonar*

I Nord-Østerdalen stod smedhandverket sterkt, både finsmed- og grovsmedarbeid. Ein kjenner til låssmeder, plogsmeder, børsemakere og bjøllesmeder. Bjøllesmeder har det nok vore fleire av, men me vil her sett fokus på smedan frå Dalstrøen på Fåset, i Tynset kommune. Det er snakk om bjøllesmeder i to generasjonar, faren Ellev Kristoferson og sønnene Kristofer 1856 – 1923 og Gunnar 1867 – 1950 som til saman dreiv handverket i omlag 100 år.

Ellev Kristoferson Trøan, som han kalte seg, var fødd i 1824 og levde til 1888, da han forulykka på ei sag. Han var gardbrukar på Dalstrøen og dreiv som bjøllesmed attåt. Kona Marit Jacobsdtr var fødd i 1829 og kom frå Smedplass i Alvdal. Ellev og Marit fekk åtte barn, fem gutar og tre jenter. 1. Marit f. 1854, 2. Kristofer f. 1856, 3. Jakob f. 1858, 4. Ragnhild f.o.d. 1861, 5. Ragnhild f. 1862, 6. Ellev f. 1864, 7. Gunnar f. 1867, Anders f. 1871.

Sønnene lærte smedhandverket av faren og tre av dei dreiv som smeder livet ut, medan Kristofer og Gunnar førte arven som bjøllesmeder vidare.

Kristofer Ellevson vart den neste brukaren på Dalstrøen. Han gifta seg med Ingeborg Olsdatter frå Kalbækken f. 1861 – 1957. Dei fekk fem døtre: Marit f. 1889, Goro f. 1893, Ella Maria f. 1894, Olga f. 1897 og Gudrun f. 1899.

Gunnar Ellevson tok over Smedplass, den garden mor hans kom frå. Dottera her, som var einearving, var blind og ikkje i stand til å drive gard, derfor fekk Gunnar garden mot å ta seg av henne. Gunnar var gift med Ingeborg Pedersdtr. Grågard f. 1866 –

1952. Dei fekk sju barn: Lars f. 1893, Marit f. 1895, Kirsti f. 1897, Ella f. 1899, Petra f. 1901, Janna f. 1905, Eilif f. 1906.



*Ellev Kristoferson Trøan, 1824–1888, og kona Marit Jacobsdatter f. Smedplass, 1829-1914 (108660)*



*Kristofer Ellevson Dalstrøen, 1856–1923, og døtrene Ella f. 1894 og Gudrun f. 1899 sittande på trappa. (108662)*



Gunnar Ellevson, 1867–1950, vart gardbrukar på Smedplass (108661)

### Handverket

Ingen lager bjøller på gammelmåten lengre. Håndverket og løyndomen gjekk i gløymebooks med dei gamle. Av informantene Olav Kristoffer Rønning og Gudvor Braseth, fødd Graneng, har me fått interessante opplysningar. Begge er barnebarn til brødrene Kristofer og Gunnar frå Dalstrøen, og begge har høyrd fortalt, lært om og av dei.

Kristofer Ellevson dreiv i smia som

står utpå jordet på Dalstrøen, nær Fåa. Ambolten er framleis bevart, samt tenger, slegge og anna reidskap. Huset er bygd av grovt tømmer og er no restaurert. Den store produksjonen som foregikk her fortel litt om omfanget av drifta i smea. Derimot er det lite ein veit om sjølve produksjonsprosessen.

Olav Kristoffer kan fortelje litt om brasinga av bjøllan, slik bestefaren gjorde det. *”Rundt bjøllan vart det lagt på kobber, i biter eller strimler. Og så vart bjølla pakka inn med leire. Leirklumpen vart så varma opp, slik at kobberet vart flytande. Etterpå vart leirklumpen rulla bortover bakken for at kobbersausen skulle fordele seg jamt over flatene”.*


Gudvor Braseth er dotterdotter til Gunnar Ellevson. Ho kom til Smedplass, eller Gunnaran som garden blir kalt til dagleg, da ho var to år gamal, og voks opp der i hop med besteforeldra. Dermed fekk ho eit godt innblikk i bjølleproduksjonen til bestefaren. Ho fortel at ho var med og drog belgen, og i tillegg var ho og med å *”bråsså”* bjøller. *”Gunnar ”bråsså” bjøllan med kåppår, det ga den beste klangen. Han kløpte opp alle kåppårkjelan på Smedplass og brukte dømm. Desse bitan vart lagt på di ferdigsmidde bjøllan, som så vart pakke inn i lere. Dette va i blanding tå et bestemt slag lere og hestmøkk. Hestmøkka hadde den funksjonen at lerklumpen lettare sprakk ette oppvarmingen. Lera tok’n ti lertaka nordafor garden”.* Klumpen vart så oppvarma, slik at kobberet fordelte seg jamt på overflata.

Etter å ha studert bjøllan som Ellev, Kristofer og Gunnar smidde, ser desse temmeleg like ut. Når ein samanlikner deira produksjon med andre bjøller ser ein forskjeller. Forma er annleis,


likeeins klangen. Det som kjenneteiknar Dalstrøbjøllan er bellhempa og hanken til å feste klaven/reima i. Festet har ei spesiell utsmiing, forma som eit rundt hjerte. Bjøllan i Dalstrøtradisjon har ei overflate der ein tydeleg kan sjå at "kåppårbrassen" ligg som eit raudbrunt skjær.



*Smea på Dalstrøen*



*Dette er den måten Dalstrøsmedan' smidde fast bellhempa på, forma som eit rundt hjerte.*



*Hanken vart smidd fast på same måte og forma som bellhempa*



*Bjølle etter Ellev Trøen*

### *Distribusjon*

Bjøller smidd i "Dalstrøtradisjon" vart spreidd over store deler av Østerdalen. Gudvor kan hugse frå sin barndom "om en tylldøle som kom gangan over Kjølen for å få tak i kubjølle. Han kom, fekk mat og låg tæ dagen ette, og kjøpte mæ seg bjølla – betalte 20 kr og gjekk over att åt Tylldala".

På Smedplass er det bevart eit blad frå ei notisbok etter Gunnar Ellevson. Av dette kan ein sjå at han leverte bjøl-

ler utofor bygda: Han har sendt seks kubjøller til Gustav Østmoe, Koppang og ei kubjølle til Sven Øien. I tillegg har han levert ti bjøller, fire kubjøller, to hestbjøller og fire saubjøller til Tynset Maskinforretning. Notisen er ikkje datert.

|                         |         |          |
|-------------------------|---------|----------|
| Lendte Gjeldte          |         |          |
| Til Gustav Østmoe       |         |          |
| 6 Kubjøller             | Koppang | Nr. 3600 |
| Syndet Maskinforretning |         |          |
| Kubjøller 4             | Kr      | 24 -     |
| Hestbjøller 2           | -       | 6 -      |
| Saubjøller 4            | -       | 10 -     |
| Sven Øien 1 Kr          |         | 3,50     |
|                         |         | A        |

Blad frå notabok etter Gunnar Ellevsen på Smedplass

### Andre bjøllsmeder

Ein har vore på leiting etter opplysningar om fleire bjøllsmeder i distriktet, men har ikkje funne så mange. I Rendalen kjenner ein til Erik Nilsen Bergset f. 1805, som var smed. Han er smeden bak to av bjøllene i utstillinga.

Sigurd Hansen, Rendalen f. 1892 var smed i sinare tid. Han fekk i 1950-åra i oppdrag å lage bjølle til Martin Eggen, på Møreggen. Dette er truleg den einaste han laga.

I Tylldalen var Esten Iverson Kverntrøen f. 1811 – 1901 "en kjent og dyktig smed, særlig for sine kvasse ljåer og kvelle bjøller".

Messingbjøller er òg brukt i Nord-Østerdalen. Det ser ut som desse er mest utbredt på Kvikne, og i Tolga og Os. Truleg har jørtlere i Gauldalen forsynt dei nordlege bygdene med bjøller.

Sveitseren Conrad Schärer kjøpte seg gard i Folldalen i slutten av 1860-åra. På sine ferder til heimlandet kjøpte han med seg sveitsiske bjøller og lommeur, og selde dei vidare her. Mange kan minnes slike sveitsiske bjøller på kua.



Bjøller laga av to forskjellige smeder. Bjølla t.v. er smidd av Erik Nilsen Bergset i Rendalen og dei to t.h. av Dalstrø-smeden' på Fåset.

### Bjøller i bruk

På mange gardar fans det fleire bjøller. Den gjevaste, største og finaste bjølla vart brukt på setra om sommaren. Ei anna bjølle vart ofte brukt som "hemmkubjølle", dette var den nestbeste. I tillegg kunne det finnes fleire større bjøller, og ei slik vart brukt som kalvkubjølle. Dei hengte ofte bjølle på ei ku som skulle kalve i løpet av sommaren, for lettare å finne henne igjen dersom ho vart borte. Bjølle vart òg brukt på hes-

ten når han vart sleppt i utmarka. Denne var mindre enn kubjølla, men hadde ein lys, men kraftig klang. Saubjøller var det fleire av. Desse var mindre, og hadde ein lys klang, ikkje fullt så kraftig som hestbjølla.

### *Bjølla frå Ustu Mømb i Rendalen*

Peder Jakobsen Mømb f. 1826 og Gullaug Mathisdatter f. 1838 var brukarar på Ustu Mømb. I 1898 solgte dei garden og reiste til Amerika. Hausten 1898 vart bjølla mista i Skånborket. Olaf Trøen, som også hadde seter i Skånborket, fann att bjølla om vinteren. Reven hadde greve fram lærreima så den vistes oppå snøen. Olaf skreiv da til Amerika, og fekk til svar at han kunne få bjølla. Denne vart brukt på Hangårdstrøa så lenge dei hadde ku, til ca 1900. Bjølla var kjent for at ho høyrdes langt. Simon Sjølie ville kjøpe bjølla og baud 100 kr, men Olaf ville ikkje selgje. *"Det kunne passere je får bruk for den"*, sa han. Han lånte bort bjølla til både Helene Mømb og Gina Bolstad, og begge måtte betale en kilo smør for kvar sommar ho var i bruk.

På sine gamle dager fekk Olaf brev frå Amerika om at familien Mømb ville få bjølla dit. Men da var bjølla kome til Olafs slekt på Nedre Helstad. Der var bjølla så lenge dei hadde ku. I 1972 kjøpte Odd Steinar Grindal ei ku, og bjølla, av Helga Trøen og Hedvig Eggen. I 1976 vart kua levert og bjølla hengt til stas. Den har framleis den fine klangen og kan høyrast svært langt.

### *Kalvkubjølla*

Frå setertraktom nordata Savalen er det fortald om ei kalvkubjølle som leidde til å finne att ei ku med kalv. Hans Bergebakken fortalte denne historia. *"Denne kua skulle kalve om sommaren derfor hengte'røm på 'a 'i bjølle. En dag vart kua borte og leting vart sett igang. Etter mange dager fekk 'n far høre kua frå Hestoberja, utpå Belsvikfloom. Ho gjømte kalven innonner nøern kjærer. Han gjekk utover og ek seg innpå kua, og kaste seg over kalven som låg og sov. Kalven la tu seg et skrik så støgt – før han va' vill. 'N far bar kalven hemmatt på vangen ti en strisekk"*, og kua førte mæ".

### *Kjelder:*

*Olav Kristoffer Rønning, Fåset f. 1932.*

*Gudvor Braseth, Alvdal f. Graneng 1932.*

*Gerd Skarpsno, Alvdal f. 1931.*

*Magne Sandtrøen, Fåset f. 1956.*

*Mikael Grøtli, Kvikne f. 1923.*

*Hans Bergebakken, Alvdal f. 1892 – 1973.*

*Georg Myrberg, Øvre Rendal f. 1900 – 1987.*

*Johan Bjøntegård, Øvre Rendal f. 1909 – 1993.*

### *Litteratur:*

Ivar A. Streitlien: *Tynset Bygdebok bind 2.*

Einar Steimoeggen: *Alvdal, ei bygdebok bind 2, nr 1 og 2.*

Embret Eggen: *Tylldalen bygdebok.*

Kirstine P. Tøllersås: *Conrad Schærer I:*

*Årbok for Nord-Østerdalen 2000.*

J.B. Bull: *Rendalen – Øvre Rendal. Gårdens og slektens historie.*